



Arbeids- og inkluderingsdepartementet

**Vår ref:**

Sak: 23/2584 JpID: 23/34455 Sbh: KOA

**Dykkar ref.**

**Dato:**

28.09.2023

## Høyringsvar - Forslag til regler om avverging av skade og bruk av fysisk inngripen i ny opplæringslov og privatskoleloven

Viser til høyringsbrev datert 31.05.2023 frå Kunnskapsdepartementet, og sender med dette over administrasjonen for oppvekst og opplæring i Stad kommune sitt innspel til forslaget.

Samla sett ser vi forslaga til endringane i ny opplæringslov og privatskuleloven som ei forbetring i høve rettstryggleik for elevar og tilsette. Forslaga til endringar vil kunne bidra til betre å sikre både elevar og tilsette eit trygt og godt lærings- og arbeidsmiljø.

Om dette forslaget vert vedteke, vil administrasjonen for oppvekst i Stad kommune at direktorat/ departement utarbeidar:

- rettleingsmateriell i høve praktisering av føreskrifta
- malar for naudsynt dokumentasjon og meldingar
- forskrift til opplæringslov som utdjupar og presiserer eventuelle nye paragrafar

Vi ser klart at terskelen for å bruke makt og tvang i møte med elev skal vere høg. Ved eventuelle innføring av ei ny føreskrift vil vi at Departement/ direktorat / Statsforvaltar bistår kommunane med kompetanseheving for alle tilsette i skulen knytt til førebygging av maktbruk og legitim maktbruk.

Med venleg helsing

Harald Sivertsen  
kommunalsjef oppvekst og opplæring

Kristin Otneim Aarsnes  
stabsleiar strategi og samordning

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur*

*Ver venleg å oppgje referansenummer 23/34455 dersom du tek kontakt med oss*